



Saksbehandlar Kristine Sørlie

Vår ref. 2020/902-5 432.0

Dykkar ref.

Dato 16.11.2022

Referat frå møte i rådgivande utval for Reinheimen NP i Lom 07.11.2022

Møtet fant sted på Norsk Fjellsenter i Lom kl 11.00 til 16.00.

Inviterte var fagleg rådgjevande utval-, administrativt kontaktutval-, og nasjonalparkstyret for Reinheimen. Hovudtema for møtet var å presentere kvalitetsnorm for villrein og informere om oppstart av revidering av forvaltningsplanen til Reinheimen NP. Vi fekk og eit innlegg frå Ræin adventure, som er ein av næringsaktørane som guidar i nasjonalparken.

Program:

Oppmøte ved Norsk fjellsenter i Lom kl. 11.00

11.00 Velkomst - Presentasjon av deltakarar og av dagens program.

11.30 Lunsjpakke og kaffe

12.00

- Status for villreinen i Noreg og presentasjon av arbeidet med kvalitetsnorm for Villrein - ved Norsk Villreinsenter Nord, Ingrid Sønsterud Myren.
- Status og utfordringar for villrein i Reinheimen ved Villreinnemnda- og Villreinutvalet i Reinheimen – Breheimen villreinområde -ved Jo Trygve Lyngved og Tor Taraldsrud.

Pause

14.00 Reiselivsbedrift i verneområdet på lag med forvaltinga- ved Britt Ingunn Tafjord Walle i Ræin Adventure.

15.00 – 16.00 Gjennomgang av arbeidet med revidering av forvaltningsplan for Reinheimen NP - ved nasjonalparkforvalterane Mari Melbø Rødstøl og Kristine Sørlie.

17.00 Middag for dei som ynskjer det på Fossum hotell



Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Deltaker liste	Namn
Lesja fjellstyre	Per Inge Skotte
Grunneigarrepresentant Fjord og Fjord kommune	Kristin Sandnes
Statskog SF	Hilde Hammer
DNT Sunnmøre	Åsmund Steen
Ræin/Naturopplevingar	Britt-Ingunn Tafjord Walle
Visit Jotunheimen AS	Mari Arnøygard Wedum og (Marit Tangvik)
Guide Romsdal	Urpua Hapuoja
Norsk fjellsenter	Mai Bakken
Norsk Tindesenter	Mette Rye
Lom kommune	Sander Sæltun
Lesja kommune	Sigurd Alme
Skjåk kommune og Villreinnemnd	Tor Taraldsrød
Skåk allmenning og Villreinutvalg	Jo Trygve Lyngved
SNO	Per Olav Haugen
SNO	Thomas Rødstøl
Nasjonalparkstyrerrepresentant	Per Magnus Berdal
Nasjonalparkstyrerrepresentant	Bjarne Eiolf Holø
Nasjonalparkstyrerrepresentant	Magnhild Vik
Nasjonalparkstyrerrepresentant	Edel Kveen
Nasjonalparkstyrerrepresentant	Live Langøygard
Nasjonalparkstyrerrepresentant	Inger Line Flydal
Nasjonalparkstyrerrepresentant	Hans Kristian Enge
Nasjonalparkstyrerrepresentant	Torbjørn Rødstøl
Norsk Villreinsenter Nord	Ingrid Sønsterud Myren
Nasjonalparkforvalter	Kristine Sørli
Nasjonalparkforvalter	Mari Melbø Rødstøl
Finndalen Fjellstyre	Kristian Frisvoll
Grunneierrepresentant Lom/vågå	Kjell Gaukstad
Rauma historielag	Per Persås
Grunneierrepresentant Rauma kommune	Lars Fransplass
Forum for Natur og friluftsliv FNF Møre og Romsdal	Knut Festø
Forum for Natur og friluftsliv FNF Innlandet	Tom Ording Dahl



Innleiing

Per Magnus Berdal, styreleiar for Reinheimen nasjonalparkstyre, ynskte velkomen og presenterte programmet for dagen. Han gjekk og igjennom formålet med rådgivande utval og i korte trekk kva som var skjedd i nasjonalparken sidan sist møte. Som nytt sidan sist nemnde han at det vart tilsett ny forvaltar i 2020, vi fekk godkjent besøksstrategien, det er fornya og lage ein del skjøtselsplanar og vi har innført merkevareordninga for Norges Nasjonalparkar. I sommar har vi og gjennomført ein brukarundersøking i nasjonalparken.

Per Magnus oppmoda til å gå inn på Nasjonalparkstyret si heimeside <https://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen>, der ein finn viktige dokument og mykje informasjon om nasjonalparken. På sida <https://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/styret/mote-i-radgjevande-utval-07-11-22> har vi lagt ut alle presentasjonane frå møtet.

Status for villreinen i Noreg og presentasjon av arbeidet med kvalitetsnorm for Villrein - ved Norsk Villreinsenter Nord, Ingrid Sørnsterud Myren.

Ingrid presenterte først Norsk villreinsenter, som vart stifta i 2006. Dei skal fungere som eit ombud for villreinen og være eit bindeledd mellom forskning og forvaltning. Meir informasjon om Norsk villreinsenter kan ein finne på nettsida <https://nvs.villrein.no/>.

Ingrid gjekk gjennom dei store utfordringane villreinen i Noreg står ovanfor. På 1900 tallet var villreinen delt inn i 4 store områder i sør Noreg, men pga fragmentering av areal er disse områda i dag oppstykka til 24 villreinområder. I realitet er det desse igjen blitt til 30 villreinstammer pga hyttebygging, veier stinettverk mm.

Noreg forvaltar den siste gjenlevande ville fjellreinen og har difor eit internasjonalt ansvar.

Villreinens utfordringar:

- Tap av areal - hytteutbygging, vegar mm.
- Klimaendringar- milde vintrar gir nedisa beiteområde, færre snøfonner - meir insektplagar og fleire parasittar.
- Sjukdom og parasitter – fotråte – hudbrems og svelgbrems- andre parasitter og bakterier – cwd
- Menneskeleg aktivitet- med hund, sykkel og kite kjem folk seg lenger inn i fjellet – motorisert ferdsel -skuter -elsykkel

Enkeltinngrep treng ikkje ha store konsekvensar MEN til saman kan det få alvorlege konsekvensar for villrein. Negative faktorer kan forsterke kvarandre. Arealunnvikelsen blir større ved fleire belastingar saman. Det er tap av areal, bit for bit, og forstyrningar som er problemet.

Kvalitetsnorm for villrein vart satt i 2020 og i mars i år kom klassifiseringa av 10 villreinområde, der 6 av 10 villreinområde vart klassifisert som därleg kvalitet. Reinheimen- Breiheimen villreinområde vart klassifisert som middels kvalitet. Heile rapporten finn du her: <https://brage.nina.no/nina-xmlui/handle/11250/2991315>



Status og utfordringar for villrein i Reinheimen ved Jo Trygve Lyngved i Villreinnemnda

Jo Trygve Lyngved som er dagleg leiar i Skjåk allmenning og sekretær i Reinheimen-Breheimen villreinutval gjekk gjennom forvaltningsmodellen for villrein i Noreg. Villreinutvalet er for dei private grunneigarane i villreinområdet og ei av primæroppgåvene er å administrere villreinjakta. I Reinheimen-Breheimen har vi tre villreinområde, Nordområdet (i Reinheimen) og Sørvest og Søraust (i Breheimen). Til saman viste minimumstellinga for alle områda 2726 vinterdyr i år. Jo Trygve gjekk også litt inn på arbeidet med kvalitetsnormen for villrein og uttrykte bekymring for tilstanden til villreinstammene i Noreg.

Jo Trygve gjekk til slutt igjennom fokusområdane i Reinheimen- Breheimen og utfordringane i dei enkelte områda. Ein meir detaljert gjennomgang vart gjort av Breiddalen, som Statens vegvesen no utreiari moglegheit for tunell mot Stryn og Geiranger. Jo Trygve oppfordra politikarane til å påverke prosessen og flytte tunnelinntaket lengst mot aust for å ta vare på dei viktige villreintrekka mellom sør- og nordområda.

Status og utfordringar for villrein i Reinheimen ved Tor Taraldsrud, sekretær for Villreinnemda.

Tor Taraldsrud er sekretær for Reinheimen- Breheimen villreinnemd som er ein offentleg nemnd med medlemmar frå kvar kommune som har villreinareal i området. Det er villreinnemda som stadfestar den årlege fellingskvota som blir foreslått av villreinutvalet.

Tor forklarte kvifor at villrein har større utfordringar enn dei andre hjortedyra, mellom anna fordi dei er langt meir arealkrevjande for å få dekka sine behov. Vi må tilstrebe oss å forbetre tilstanden til grøn status på kvalitetsnormen i alle villreinområda. Ein av dei viktigaste løysingane er å kanalisere ferdselet. Ytterste konsekvens kan bli å gjennomføre ferdelsrestriksjoner..

Reiselivsbedrift på lag med forvaltninga, ved Britt Ingunn Tafjord Valle i Ræin AS

Britt Ingunn er både grunneigar i verneområdet, jaktoppsyn under villreinjakta og dagleg leiar i reiselivsbedrift Ræin AS.

Etter studiar og jobb i DNT og Hviteserk, flytta Britt-Ingunn tilbake til heimbygda Tafjorden og ønska å starte noko der og samtidig bidra i lokalsamfunnet. Sitat frå nettsida til Ræin as beskrev bedrifta slik: «*ei aktivitetsbedrift som tilbyr ekte naturopplevelingar, og som gir meir tilbake til lokalsamfunn og natur enn kva nærmiljø må ofre*».

Britt- Ingunn fortalte om erfaringar frå turane og tilbakemeldingar frå gjestane. Ho fortel at det som ikkje er tilrettelagt – det autentiske, blir mest huska og verdsett av turistane.

Besøksstrategien til Reinheimen blir fylgt i drifta til Ræin AS og dei fokuserer på at gjestane kan oppleve nasjonalparken utan å besøke den. Ho fortel at det er for dei er viktig å gje gjestane ein ansvarsfølelse for naturverdiane, og at dette ansvaret blir noko dei tek med seg heim til kvardagen.



Gjennomgang av arbeidet med revidering av forvaltningsplan for Reinheimen NP - ved nasjonalparkforvalter Kristine Sørli

Bakgrunn: Frå 2007 var det dei 6 kommunane med areal i Reinheimen som hadde forvaltningsansvaret for verneområda innafor sine kommunegrenser. I tillegg var det oppretta eit rådgjevande samarbeidsorgan, kontaktutval for Reinheimen (KUR). Forvaltningsmyndigheita for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernombord vart etter kvart overført frå dei 6 kommunane til nasjonalparkstyret hausten 2012, og i løpet av vinteren 2013 var ny lokal forvaltning med eit eiga nasjonalparkstyre for Reinheimen på plass. Forvaltningsplanarbeidet for Reinheimen starta opp i 2004, før opprettning av verneområda og etablering av nasjonalparkstyra. Planprosessen var omfattande med eit sekretariat fordelt mellom mange administrative ressursar i kommunane.

Forvaltningsplanen er viktig for å synleggjere forvaltningsmessige oppgåvar og tiltak. Dei siste åra er det gjeve innspel om manglar i planen, og behov knytt til revisjonsarbeid av forvaltningsplanen.

Forvaltningsplanen skal reviderast etter behov, men miljødirektoratet tilrår at planperioda ikkje bør vera meir enn 10 år. Det er no gått over 10 år sidan vår forvaltningsplan vart laga, og det er tid for ein revidering.

Møtedeltakarane vart oppfordra til å gje innspel på korleis dei vil bli involvert i dette arbeidet. Det var enighet i salen om at ein kunne starte opp med fysiske møter og kombinere med teamsmøter.

Innspel frå salen til slutt

- For å få bukt med utfordingane med auka besøk i nasjonalparken og forstyrring av villreinområda bør ein kunne utfordre allemannsretten.
- Mer kunnskap ut til ungdommene i bygdene rundt nasjonalparken. Kan nasjonalparkforvaltninga bidra til dette?
- Forslag om å bruke kommunens beredskapsvarslingssystem til å varsle om det er rein i området der ein kan oppfordre innbyggere og tilreisende til å holde seg unna disse områdene i dette tidspunktet.
- Nasjonalparkskiltene burde hatt qr-kode med link til nettsida.
- Kun forvaltningsplan som skal revideres ikkje verneforskrift.
- Savn av informasjonssenteret på Dønfoss
- Jerveproblematikken ifht beitebruk i Reinheimen vart også kommentert.

Referent

Mari Melbø Rødstøl
Nasjonalparkforvaltar

Åndalsnes 16.11.2022

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

